

Tertialmelding – investering teknisk 2018 – 15.05.2018

Prosjekt 1530100 **Radøyhallen oppgradering 2018:** arbeidet med oppgradering av resterande garderobeareal, korridor, foaje og toalett er i hovudsak ferdig. Det er bestilt nye tribunestoler som kjem på plass i vår, og sendt ut førespurnad om pristilbod på nye skiljeveggar. I tillegg er arbeid oppgraderingsarbeid (2017) av ulike årsaker ført i 2018-rekneskapen, sjå eiga sak om budsjettregulering.

Prosjekt 2130003 **Manger skule utbygging:** det er henta inn tilbod på paviljong/modul med tre klasserom, og valt entreprenør både for levering av paviljong og grunnarbeid. Prosjektet er forventa gjennomført innanfor budsjett på kr. 2 000 000 og planlagt ferdig til skulestart 2018.

Prosjekt 2140002 **Uteområde Sæbø skule:** Sæbø skule har satt opp sine prioriteringar for oppgradering av uteområdet i tråd med moglegheitsstudien som vart gjennomført i 2017. Arbeid med drenering av skuleplassen er planlagt gjennomført i sommarferien. Prosjektet er forventa gjennomført innanfor budsjett på kr. 1 000 000.

Prosjekt 2190007 **Oppgradering Radøy ungdomsskule:** arbeidet med tilbodsgrunnlag for oppgradering av naturfagssal og ny utgang frå utstillingshall er starta opp. Arbeid i utstillingshallen skal utførast i sommarferien.

Prosjekt 2711002 **Austebygd barnehage småbarnsavdeling:** sjå eiga sak.

Prosjekt 2712006 **Nye Bø barnehage nybygg:** Reguleringsplan skal handsamast i HPLT før sommaren, og Forum Arkitekter har utarbeidd anbudsdokument for den nye barnehagen. Det er planlagt oppstart av byggjearbeid hausten 2018.

Prosjekt 2714010 **Sæbø barnehage vognskur** er i hovudsak ferdig utført innanfor budsjetttramme på kr. 230 000. Det gjenstår mindre arbeid med maling.

Prosjekt 3210006 **Velferdssenteret oppgraderingar:** det vart oppdaga fuktskader på Velferdssenteret som måtte utbetrast, og bygging av nytt bossrom og skyllerom er derfor ikkje starta opp.

Prosjekt 3225002 **Oppgradering omsorgsbustader:** er under planlegging og tilbodsinnhenting skjer før sommaren.

Prosjekt 4800103 **Turveg/lysløype Manger:** etappe II av turløypen vart lyst ut på Doffin, tilboda er no til vurdering og byggjesøknad er sendt. Traseen er noke endra for å imøtekomme klager frå naboar.

Prosjekt 6102001 **Prestegarden/hagen/tingstova:** oppdraget med å lage skisse for oppgradering av Prestegardshagen er tildelt Rambøll, som har leveringsfrist i første del av juni.

Når det gjeld prosjekt 6109020 **Solhall kjøp og oppgradering:** Oppgradering av midtre del av bygget til barnehage ligg på Doffin med tilbodsfrist 30.05.2018. Kostnadsoverslag basert på tilstandsanalyse av bygget tyder på at kostnadene kan bli høgare enn forutsett. Sjå eiga sak om budsjettregulering.

Investeringsbudsjett for VA-området vart vedteke av kommunestyret med ein sum for vatn (kr 7 500 000) og ein sum for avløp (kr 18 000 000). I gjennomgangen vidare, vert kvart delprosjekt presentert, med delsum av budsjett.

Prosjekt 6210007 **Vassbasseng Haukåsen** har eit delbudsjett på kr 3.100.000. Prosjektet har vore lyst ut på Doffin, og lågaste tilbod er høgare enn budsjettramma. Det er prosess rundt kjøp av grunn, men førebels ikkje avklart, og prosjektet er derfor ikkje starta opp.

Når det gjeld prosjekt 6210014 **Vassleidning Listveit** vart arbeidet starta opp i veke 15 og er forventa ferdigstilt i midten av juni.

Prosjekt **Ny vassleidning Austmarka – Storsandvik**: Det er henta inn tilbod på konsulent , og frist for levering av anbodsgrunnlag er medio juni. Arbeidet vert lyst ut så snart dette er klart.

Prosjekt 6310005 **Hovudreinseanlegg Manger**: planforslaget til reguleringsplan skal opp i kommunestyret 21. juni. Med atterhald om at reguleringsplanen vert godkjent vert prosjekteringsarbeid for reinseanlegget starta før ferien. Dette prosjektet påverkar gjennomføring av andre avløpsprosjekt på Manger: sanering Mangersvågen, nye leidningsnett Mangersvågen og ny pumpestasjon.

Prosjekt **Storsandvik – oppgradering og flytting av slamavskiljar**: Det pågår arbeid med anbodsgrunnlag, med frist medio juni. Arbeidet vert lyst ut så snart dette er klart.

Prosjekt 6764001 **Trafikksikring**: det pågår arbeid med revisjon av handlingsplanen i trafikksikringsplanen som vil påverke disponering av midlar i dette prosjektet.